

Outlines Sal 110. Prestekongen

Roald Kvam © 2008

1. *Innleiing.*

a) **Form.**

- Salmen er ein kongesalme. Desse har ingen formelle kjenneteikn, men er bunden saman av innhaldet – handler om Israels kongar.
- I historisk lys er den omtala som ein profetisk-messiansk kongesalme. Den sprenger rammene for det ein kan seia om ein vanleg konge og skapar forventning (jfr 2 Sam 7, 12ff).

b) **Inndeling.**

- Salmen er delt i 3 strofer, kvar på 4+3 ledd.

1-2: Herren og kongen.

3-4: Kongen og folket.

5-7: Herren (kongen) og folket.

c) **Bakgrunn.**

- Den jødiske tradisjonen seier David er forfattaren. Andre meiner den er blitt til ved innsetjinga av David som konge.
- Dei ulike kongesalmane er blitt brukt i ulike situasjonar. Denne er ikkje enkelt å komma til rette med, verken historisk førstegongsbruk, eller tydinga av teksten.
- Salmen er truleg ein av dei eldste vi har.

2. *Salmen i ein sum.*

- Salmen målber lovnader Gud gjev til ein konge i Israel. Han skal vera ved høgre handa åt Herren – det er Herren sjølv som eigentleg er konge over dette folket.
- Kongen som er både prest og konge og skal formidla frelse til Israel ved å realisera Guds dom over folka.

3. *Aktuell bodskap.*

- Jesu oppstode og himmelfart (jfr v1 sml 1 Kor 15, 25-27; Ef 1, 20-22; Kol 2, 15; Apg 2, 29-36; Rom 8, 34; Hebr 8, 1: 10, 12; 1 Pet 3, 22).
- Kristi folk er eitt folk, hans folk, eit villigt folk, eit folk av ungdom, eit folk i heilagt skrud.
- NT ser Jesus som Kristus (Messias) og som oppfyllinga av Sal 110 (Matt 22, 41-45: 26, 64; Apg 2, 34-35: 7, 55; Rom 8, 34; 1 Kor 15, 25; Ef 1, 20; Hebr 1, 13: 5, 6ff: 7, 1ff; 8, 1).
- Luther seier: "Den er den rette, høye hovedsalme om den Herre Jesus Krist".



Dreieskiva.com